



Ytre Sogn vassområde
Sogn og Fjordane vassregion



Indre Sogn vassområde
Sogn og Fjordane vassregion

Referat frå temamøte om regionalt miljøprogram (RMP)

Tid: Fredag 15. november 2019, kl. 12:30 – 14:00

Stad: Videomøte

Frammøtte:

Håvard Tveit	Gulen kommune
Aina-Elise Stokkenes	Luster kommune
Liv Ellingseth	Luster kommune
Karen Weichert	Vik kommune
Veronika Seim Bech	Vik kommune
Åse-Berit Balvoll	Vik kommune
Jorunn Orvedal	Vik kommune
Øyvind Vatshelle	Fylkesmannen i Vestland
Daniel Almhjell	Fylkesmannen i Vestland
Christian E. Pettersen	vassområdekoordinator (referent)

Litt om bakgrunn – Christian E. Pettersen, vassområdekoordinator Ytre Sogn og Indre Sogn

Det blir for tida arbeida med ny regional plan for vassforvaltning for planperioden 2022-2027. Alle kommunar har ein rett og plikt til å delta i arbeidet med ny vassforvaltningsplan og tiltaksprogram, derunder skissere tiltak innanfor sine ansvarsområde, jf. pl. b. lova § 8 – 3.

Kommunane skal skissere tiltak for å betre miljøtilstanden for dei påverknadar dei er ansvarleg for, dvs. har verkemidlar til å gjennomføre sjølv, påleggje, eller stimulere andre til å gjennomføre. Landbruk er ein av aktivitetane som har påverknad på vassmiljøet, og som kommunane er sektorstyresmakt for. Der landbrukspåverknad gjennom avrenning er ei av årsakene til dårleg vassmiljø kan RMP-ordningar vere eit av verkøya/tiltaka som kommunane kan arbeide for at takast i bruk for å betre tilstanden. Dette gjeld vassdraga Hopra (Vik) og Dalselvi (Luster), og bekken sør på Sandøyyna (Gulen).

I løpet av desember skal vassområdekoordinator ha arbeidsmøte om tiltak med kommunane. Det kan vere eit høve for å følgje opp RMP som mogleg tiltak til det nye tiltaksprogrammet.

Presiseringar angående regelverket & erfaringar frå Hordaland - Øyvind Vatshelle, Fylkesmannen i Vestland

Tilskot til kantsone i eng (gjeld kantsoner utan gjødsling og sprøytemiddel ved utvalde vassdrag)

I RMP-ordninga er 22 vassdrag utvald, av desse er 10 i Sogn og Fjordane og 12 i Hordaland. Blant dei 10 i Sogn og Fjordane er vassdraga Dalselvi i Luster, Hopra i Vik og bekk sør på Sandøyna i Gulen. Det er mogleg å spele inn forslag til nye område. Fylkesmannen ønskjer tilbakemelding på om avgrensingane til dei områda som er med i ordninga per i dag er ok. Avgrensingane samsvarar ikkje nødvendigvis med sjølve nedbørsfeltet / kor vatnet renn, men er tilpassa eigedomsgrenser, teiggrenser og leigejord (tilpassa til vilkåra i tilskot til spreiring vår / vekstsesong).

I utvalde vassdrag kan det gjevast tilskot for å ha ei kantsone i eng langs kanten mot vassdrag, der kantsona ikkje er gjødsla eller sprøyta i søknadsåret. Det gjeld all gjødsling, inkludert mineralgjødsel. Føremålet er å redusere avrenning av næringsstoff til vassdraget. Fylkesmannen ønskjer tilbakemelding på om 4 m er passeleg avstand for å oppnå målsetjinga.

Tilskotet gjeld uansett drift, anten det er ekstensiv eller intensiv drift. Det er høve til å få tilskot til kantsona sjølv om resten av arealet ikkje blir gjødsla i det heile, eller om det berre blir beita, så sant det er fulldyrka / overflatedyrka og fyller vilkår elles. Det kan vere beiting i kantsona, det er krav om anten beiting eller slått. Det må vere open vasspeil for å få tilskot, det er ikkje nok med kum.

Bonden treng ikkje søke på all aktuell kantsone langs vassdraget. Det er mogleg å søke om delstrekningar.

Det er krav om at det er årssikker vassføring. Fylkesmannen ønskjer snarleg tilbakemelding på om ordninga òg bør inkludere strekningar utan årssikker vassføring.

Tilskot til spreiring av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen (gjeld berre for utvalde vassdrag med elvemusling)

I utvalde vassdrag med elvemusling kan det gjevast tilskot til spreiring av husdyrgjødsel og biorest om våren eller i vekstsesongen. Det gjeld all dyrka areal i kartfesta område ved utvalde vassdrag. All husdyrgjødsla som føretaket brukar på disponert areal skal spreiest om våren eller i vekstsesongen, og seinast 10. august 2019. Føretaket kan berre få tilskot for den delen av arealet som ligg innanfor prioritert område, men kravet til spreietidspunktet gjeld for alt areal som føretaket disponerar, både utanfor og innanfor prioritert areal.

Denne ordninga er ikkje aktuell for nokon av kommunane i Indre Sogn og Ytre Sogn per i dag, men det kan bli aktuelt å utvide ordninga ved eit seinare høve. Ordninga er retta mot mjølkebruk / større føretak.

Tilskot til nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel

Det kan gjevast tilskot til spreiring av husdyrgjødsel og biorest ved nedlegging eller nedfelling på fulldyrka og overflatedyrka areal. Det kan gjelde heile eller delar av ein eigedom eller teig, men det arealet det vert søkt tilskot for, skal fyller alle vilkåra i tilskotet.

Tilskot til spreiring av husdyrgjødsel med tilførselsslange (gjeld berre i samband med tilskot til nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel)

Det kan gjevast tilskot til spreiring av husdyrgjødsel og biorest med tilførselsslange i samband med nedfelling og nedlegging. Satsen er utforma slik at ein kjem opp i høgt tilskot sjølv om ein har relativt små areal.

Lokal motivasjon

- Viktig at kommunane har god kunnskap om ordningane for å kunne svare på spørsmål og motivere bøndene
- Elvevandringar og liknande kan vere nyttig, men det er vanskeleg å få fleire enn dei som allereie er engasjerte til å kome
- Medverknad på tilskot, vert høyrd – engasjementet er høgt. Fylkesmannen treng innspel fo å få ordninga best mogleg. Forstå bonden sin situasjon, diskutere kva som skal til (til dømes investeringar) for å nå ønska endring. Praktiske løysingar for å spreie gjødsel til rett tid kan t.d gjelde lagerkapasitet, felles lager, satelittlager, entreprenørkøyning, bytting av leigejord for å få kortare avstand mm.
- Kunnskap om tilstand i vassdraget – folk er/vert engasjert
- Trengst mobiliseringsprosjekt for kvart vassdrag
- Liten bekk bak ein fjøs – vanskelegare å få til engasjement
- Å føle at tiltake er gode og at ein kan utgjere ein forskjell kan gi motivasjon
- God erfaring med å møte lokalt Bondelag, fekk med mange
- Erfaring med at å besøke enkeltbønder (gardsbesøk) er veldig effektivt. Drive med «på garden rådgjeving». Prioritere mjølkebruk i det utvalde området. Kan òg bli kombinert med å diskutere andre aktuelle tiltak etter tiltaksplan i vassdirektivarbeidet.
- Redusere P-gjødsling er ikkje med i RMP fordi det blir venta på ny gjødselvarforskrift, og fordi tema er komplisert. Oppmoding om å ha fokus på gjødslingsplan ved kontroll.
- Fylkesmannen har ambisjon om å utvide ordningane til fleire vassdrag neste år. Avhengig av tilbakemeldingar frå bønder og kommunar, vurdering av kost/nytte og løysing av tekniske utfordringar.